



Nr 4 – 2025

Møta nye venner – Søkja Gud – Få del i oppdraget

møte-plassen



I dag er det fødd dykk ein frelsar

Intervju med
Hanne Brit Sandmark
s. 4-5

HURRA for
Nadine 50 år! 

Andakt av
Lars Sigurd Tjelle
s. 10-11

Tankar i tida

Adventstida er ei tid for tankar og forventningar. Eg gler meg til advent. Då skal eg tenna lys og gjera gilde ting ilag med dei eg er glad i.

Advent har i tidlegare tider vore knytt til faste og juleførebuingar. Førebuing til jul driv me med enno. Det med faste er det nok færre som driv med. Me er travle slik som Marta, det er så mykje som skal gjerast. Maria, syster hennar, sette seg ved føtene til Jesus og lytta (Luk 10, 38-42). Marta blir sur, det er lett å kjenne seg igjen i, Maria vil ikkje hjelpe. Men så seier Jesus at Maria har valt den gode delen.

I advent vil eg velja som Maria av og til, for eksempel på sundager. På sundager vil eg gå i kyrkja og vera i fellesskap ved Jesu føter. Eg vil velja den gode del, eg vil gje plass til Jesus i advent.

Dersom eg eller nokon set seg ned ein augneblink vil eg streva etter å ikkje bli sur. Kanskje skal eg faste frå ting som tek fokuset vekk frå det viktige, slik som sosiale medier, kjøpepress, og alt støvet under senga. Eg vil rydde fram tid til den fine adventstida.

Tenk at me ventar på at Jesus skal koma med håp og fred.

Ha ein fin advent!



Astri Fjermestad Eikeland

møte:plassen

4 - 2025

20. årgang

UTGJEVAR:

Undheim sokneråd

REDAKSJONEN:

Siv H. Undheim - redaktør

Håkon Rettedal Losvik

Laila Undheim

Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:

Møteplassen

Time kyrkjekontor

Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:

nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:

www.undheimkyrkja.no

www.timekyrkja.no

TRYKK:

Jærprint, Bryne

OPPLAG: 620 eks.

UNDHEIM SOKNERÅD:

Kontonr. 3290.57.20723

Givarkonto: 3325.21.55657

FORSIDE:

Foto: Pixabay

Min song



Det langt på natt mun vera

*Tekst: Jochen Klepper
Oversatt av: Bjarne Norheim
Melodi: Johannes Petzold*

Det langt på natt mun vera,
og stilt mot dag det går.
Vår lov vi fram vil bera
til morgonstjerna klår.
Den som ved natt har gråte,
må trøystig syngje med!
Til djupet i vår gåte
skin morgonstjerna ned.

Sjå, englars høge Herre
blir barn i jordlivs kår.
Gud lét seg openberre
og sonar straffa vår.
Så treng då ingen løyne
sitt andlet, merkt av sut.
Hos barnet skal han røyne:
Hans skuld er sletta ut.

No ser vi dagsens rôde.
Far då til Jesu stall!
I audmykt han de skode
som ynkast ved vårt fall!
Profetar bod fekk bera
om Herrens offerlam:
Guds Son vår bror skal vera
og dele all vår skam.

Enn mang ei natt vil falle
kring synd og sorg og svik.
Men stjerna syner alle
at Gud er nåderik.
I hennar ljøs, det milde,
blir mørkers lekkje løyst.
Guds miskunns rike kjelde
skal gje oss evig trøyst.

Gud vil i mørkret vera.
Sitt ljøs han tente der.
Og når han dømer verda,
han ser til Sonen kjær.
Han som vår lagnad snudde
er hos oss tid for tid.
Den som til Krist seg trudde,
i siste dom går fri.

Tilbake i 2000 fann eg ein skjult skatt i salmeboka. Eg har aldri høyrte den brukt utanom når eg sjølv har brukt den. Melodien er ikkje av dei enklaste, men teksten ber eit trassig håp som greip tak i meg den første gongen eg las den. Det er adventssalmen «Det langt på natt mun vera».

Rett etter Krystallnatta i 1938 sette Jochen Klepper seg ned og skreiv diktet som har blitt denne salmen. Mørket heldt på å omfamne det tyske riket og natta var i ferd med å spreie seg over heile verda. Særleg for jødane blei situasjonen meir og meir krevjande, og Klepper, som sjølv var gift med ei jødisk kvinne, kjente dette langt inn i eigen familie.

Midt i dette kvelande mørket som spreier seg over heile Tyskland er det eit lys som skin. Det er den lyse morgonstjerna, eit bilete på Jesus. Etter dei omveltande og tragiske hendingane som prega Krystallnatta er det akkurat som om Klepper seier til mørket «Hit, men ikkje lengre». Denne teksten blir nærast som løvetann som mot alle odds skyter opp gjennom asfalten. Og mørker og lys er klare bibelske motiv. Salmisten skriv om Gud: «Men mørket er ikkje mørkt for deg, natta er lys som dagen, mørket er som lyset» (Sal 139:12).

I lyset frå denne stjerna blir som Klepper skriv «mørkers lekkje løyst». Og om det ikkje finst mørke stader inni oss finst det nok av mørker rundt om i verda. Midt i all krig, liding og død som sveipar over TV-skjermene våre kan det virke som om mørket har teke heilt overhand. Men det har det ikkje.

For lyset har overvunne mørket. Det vesle barnet som blei fødd den første jula har vunne over døden og satt ei grense for mørket. Johannes skriv «Lyset skin i mørket, og mørket har ikkje overvunne det». Eg omformulerer litt: Lyset skin framleis i mørket, og mørket vil aldri overvinne dette lyset.

På veg inn i adventstida skal vi igjen få vende blikket vårt framover mot at mørket skal få si endelege grense. I det nye riket skal det verken vere sorg, skrik, smerte eller død. Og du og meg har ein moglegheit. Vi kan tenne lyset, og bere lyset med oss til dei som treng det aller mest og vise omsorg. Då går vi på Guds vegne. For mørket er ikkje mørkt for Gud, natta er lys som dagen, mørket er som lyset.

Ola Ohm

Med stor tru

– Eg er veldig glad i kyrkja. Slik eg ser det er ho den viktigaste institusjonen me har her på Undheim.

Tekst: Siv H. Undheim

Hanne Brit Sandsmark er for tida leiar av soknerådet på Undheim.

– Kyrkja representerer Gud som skapar, Jesus som frelsar og Den heilage Ande som livgjevar, trøystar og rettleiar. Store ord, ja, men det er stort å få vere ein liten del av den verdsvide kyrkja.

Hanne Brit har «alltid» vore engasjert i kyrkjelydsarbeid på ein eller anna måte, men som den introverte personen ho er, likar ho seg best i kulissane. Ho har blant anna vore med i soknerådet i fleire periodar, i jobb på kyrkjekontoret som sekretær i kyrkja (stillinga som i dag er dagleg leiar), i Møteplatsen og har vore engasjert i ungdomsarbeidet.

– *Kva vil det seie å vere soknerådsleiar?*

– Det heiter at «rådet skal styrke og nærme det kristne livet i soknet» og som leiar er det min oppgåve å leie soknerådet. Men eg vil ikkje seie at eg er leiar av kyrkjelyden likevel, forklarar Hanne Brit.

Likar seg best i bakgrunnen

Ho legg ikkje skjul på at dei siste åra tidvis har vore krevjande saker i soknerådet.

– Presten er sentral i ein kyrkjelyd, og på det området har det over tid vore litt lite stabilitet. Det var som at me nådde eit botnpunkt våren

2024. Då stod me utan prest, utan dagleg leiar og utan ungdomsarbeidar. Me var nokså overgitte og «matte». Mange bad ekstra om at Gud måtte leia oss gjennom den tida. Me var rådlause, men Gud var ikkje det.

Ho tek ein liten pause, før ho smiler medan ho seier:

– Via prost og bispekontor kom Nadine inn som prest, og via kyrkjeverje og fellesråd fekk me Håkon som dagleg leiar. Det me hadde uroa oss for, la seg plutselig til rette. Det er så fint å sjå!

Ho rosar dei andre medlemmane i soknerådet, og seier at rådet fungerer veldig godt, før ho skundar seg å legge til at det har det gjort i alle sokneråda ho har sete i.

Eg er nok ikkje så synleg i

– kyrkjelyden, eg likar meg godt i bakgrunnen og ser på at ting rullar og går. Det er fint å kunne legge til rette. Her er så mange flinke folk, både tilsette og frivillige, som gjer ein stor innsats. Alle aldersgrupper vert dekte, seier ho og ramsar opp kyrkjeleg undervisningstilbod til barn og unge, diakoni og det musikalske saman med presten i gudstenestearbeidet.

– Og elles er me så velsigna med dei uvurderlege, flotte frivillige som tek ansvar i alle dei ulike gruppene som er her. Det er som at kyrkjelyden er eit «hus av levande steinar» som heile tida er under bygging med «nye» steinar. Og som dei unike personane me er skapte til, håper eg at alle skal oppleve seg gode nok for den dei er. Me kan ikkje alltid vere einige i alt, men me kan samlast om det viktigaste likevel.



Hanne Brit avbilda i Kroatia, der det stod skilt med Nova overalt (Nova er namnet på Hanne Brit og Møyfrid sitt gravferdsbyrå). På Kroatisk tyder nova "ny".

Foto: privat

Tilgjeving og nåde

Ho trur at nokon har eit ikkje-forhold til kristendomen og Undheimkyrkja, medan andre kan sitja med vonde opplevingar frå tidlegare. Det kan vere skapt djupe sår innerst i sjela. Då er det lett å lukka igjen og ikkje ville ha noko med Gud og «det kristne» å gjere. Det kan ha lagt seg eit bittert «skal» rundt det ein trudde og ville skulle vere godt. Nokon er djupt skuffa av kristne som «liksom skal vere betre enn alle andre», men som ikkje er eller har vore gode ambassadørar.

– Tenk om fleire vågar å skrella appelsinen, for kjerna, Gud, ER god! «Smak og kjenn at Herren er god» står det i Salme 34:9. Å søkja Gud som det står i Undheimkyrkja sin visjon. Det er stort å få rydda vekk bitterheit, ta imot nåde og tilgjeving frå Gud og frå kvarandre. Gud si kraft er så stor! Og den kan gjere uendeleg mykje meir enn det me ber om, ivrar ho.

Hanne Brit vil oppmuntre til å

søkje svar i Bibelen, Gud sitt levande ord. Eller våge å snakka med nokon ein har tillit til, ein til ein eller i ei gruppe.

Undheim bønehus

No får Undheim bønehus ein del av tida hennar. Tidlegare i år sette ho i gang eit arbeid med faste bønensamlingar oppe i kyrkja, i lag med Tordis Sandvik, Elisabeth Fosse og Merete Tjemslund. I oktober starta dei med samlingar annakvar måndag, som er opne for alle som vil.

– Eg hadde tenkt på dette lenge, og no var det tida for det. Det har alltid vore bønearbeid på Undheim, og eg tenker at kyrkja er eit bønehus. Bibelen knyter store løfter til bøn. Gud skapar nye ting, Han skapar forandring, både i oss og rundt oss når me ber. Gud er verksam. Der to eller tre er samla i Hans namn, er Han midt mellom dei. Det er fint, og det er stort, seier ho.

– Det å samlast og be saman, er det kraft i, og me kan kjenne at Gud er til stades. Å ha Gud å tru på og be til, gir tryggleik og

håp. Me vil vere opne for at det kan skje under. Ikkje berre fysiske under, men også tilgjeving og forsoning, at ein får ordne opp i vanskelege ting og tankar til både Gud og kvarandre. Det er det mykje læking i.

– Det har vore fleire som har kome på samlingane, og tilbakemeldingane så langt er gode. Morgonbøna er klokka 10.00 og til lunsj, kveldssamlinga klokka 19.00. På begge samlingane har me faste bøner/program, seier ho, og held fram:

– Terskelen for å kome inn til eit bønemøte er forståeleg nok litt høg. Men her er ingen krav til den som kjem, verken om å be høgt eller sei noko i det heile.

Ho vil avslutte med å minne om at det i Jesaja 43:19 står: «Sjå eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje?»

– Gud fornyar og skapar heile tida. Det gir håp om nye byrjingar, gode forandringar og mykje håp.



*Julekonsert i
Undheim kyrkje*

21. desember – kl 18:00

www.linticket.no



Tru i kvardagen

«Me skaper vanar, vanar skaper oss», er det nokon som har sagt. Slik er det med trening, slik er det med tru. Og hugs: Å etablere ein ny vane tek gjennomsnittleg 66 dagar.

Tekst: Nadine Vaagen

Ein liten vri på bordverset

Kan du alle tre vers frå «Deilig er jorden» utanåt? Kva med dei seks versa i «Nå har vi vaska golvet»?

Me syng mindre enn før både i heimen og på skulen. Det blir snakka om «stemmeskam» som truar fellessong. Kva gjer det med dei unge å sjå jamaldrande på TV som får beskjed om aldri meir å opna munnen for å syngja igjen? Det er ikkje sjeldan eg høyrer dette:

«Eg kan ikkje syngja!»

«Eg kan verkeleg ikkje syngja!!»

«Eg høyrer ut som ei kråke.»

«Eg er tonedøv.»

«Ingen får lov til å høyra meg...»

Kven definerer dette? Er det du som syng eller den som høyrer på?

Forskarene påpeker kvifor song er bra for helsa – og kvifor du bør syngje meir: Song løyser ut velværehormon, dempar stresshormon og trenar musklar og skjelett.

Korleis ta songen tilbake?

Både i barnehagar og ein del familiar står tradisjonen med å syngja for maten framleis sterkt. Om det no er kua eller Gud takken blir retta mot. Kva med å byta ut bordvers no i advent og syngja ein julesalme i staden? Byrja med det første verset og når alle kan det utanåt, gå over til neste vers og, vipps, plutseleg sit heile familien under juletreet og syng alle vers frå «Glade jul» av full hals.



Kontakt meg på tlf.: 413 91 649
eller e-post: nv774@kirken.no

«Det du kan utanåt, kan ingen ta frå deg», sa bestemor mi som hadde overlevd to verdskrigar.

Eg er glad for å sleppa å pugga salmevers med konfirmantane, som prestar før i tida gjorde. Tilbake dit vil eg ikkje! Samtidig veit eg at det eg kan utanåt, sit på ein betre måte. Det har sokke djupare inn. Vorte meir ein del av meg og den eg er. Det har sokke frå hovudet, som reint kunnskapsnivå, og inn i hjartet.

Engelskmenn kallar det å kunna noko utanåt, å kunna det «by heart». Fordelen med det me kan utanåt, er at det kan plutseleg dukka opp i minnet. Når dagen er grå og tung, kan du plutseleg koma til å tenkja på ei linje i eit dikt eller ein song som gjer deg lysare til sinns.

I kyrkja blir det framover mange gode høve til å syngja i lag og repetera gode, slitesterke julesongar:

Me syng jula inn: 14. desember kl. 16.00

Julaftan: kl. 14.30

Og ikkje minst: **Juletreffest 4. januar kl. 16.00** i kyrkja med tradisjonell juletrengong, TT-koret for teens og tweens, og besøk av dei tre vise menn som har med gåver.

(PS: ikkje berre til Jesus-barnet)

Kveldsmat blir det òg.

Og bordvers.

Velkommen!

Hurra for

Gratulera
så mykje
med dagen!

Send

Gratulera
så mykje
med dagen!



Vi er svært glade og takknemlige for å ha deg som sokneprest!

Send gjerne ei gratulasjonshelsing til Nadine! Tlf: 413 91 649

JULETFEST

Det blir tradisjonell juletrengong og besøk av dei tre vise menn (som kjem med gåver til fleire enn Jesus-barnet)

TT-koret for teens og tweens deltek

Loddtrekning v/ UGLA

Kveldsmat

Nytt frå sokneråd og dagleg leiar

Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Tider skal kome!

Året er på hell. Snart vert me overauste med årskavalkadar, oppsummeringar, «spotify wrapped» og liknande. I alle desse statusoppgjera er det noko eg synast manglar:

Takksemd.

Når me i januar skal melde inn tala for 2025 til Kyrkja sentralt kjem eg til å kjenne på både takksemd og stoltheit. Som kyrkjelyd har me vore samla til ei lang rekke gudstenester, kveldsmøte og småmøter. Det hadde ikkje latt seg gjere utan dei frivillige som stiller opp. Det er dei som er ryggrada i arbeidet me gjer.

De er grunnen til at mange på Undheim, frå dei heilt minste til dei aller eldste, har opplevd fellesskap med kvarandre og, vil eg tru, med Gud. Det har vore sundagsskule, Supermix, Åpen Kjellar, UGLA, UKUF, Påfyll, pizzakvelder og Laust og Fast.

Praxedes har hatt kontordagar på Undheim kor fleire har vore innom for ein prat.

Elles har eg nettopp fått beskjed om at me har fått 50.000 kroner til nye lyskastarar frå Sparabankstiftinga Time og Hå. Soknerådet og husstyret arbeider vidare med finansiering. Kan hende er nye lys på plass allereie til sommaren?

Det er altså mykje å vere takksam for.

Eg er stolt av at Undheim er ein raus kyrkjelyd. For kvar krone i kollekt til oss sjølve gjer me det dobbelte til andre. Me har i 2025 støtta Per og Helge i Ungdom i Oppdrag og kjem til å auke støtta til dei i



2026. Elles har me støtta ei rekkje kristeleg organisasjonar, både i innland og utland.

Me har og ei gjevarteneste som rullar og går jamt og trutt, og som toler samanlikning med større kyrkjelydar enn vår.

Men mest av alt gler eg meg over at det kjem gode idear og innspel frå alle dykk. Støtta til Ungdom i Oppdrag og Undheim Bønehus er døme på dette.

Undheim er ei levande kyrkje!

Noko av det me veit om neste år er at me skal arbeide vidare med "Naturlig Menighetsutvikling". Soknerådet har sett på svara frå undersøkinga som mange var med på, og har fått eit bilete av «helsa» til kyrkjelyden.

Me får og ei rekkje temagudstenester. Nytt er at me vil samlast til temakvelder måndag etter gudsteneste, kor alle som vil kan sjå nærare på det som vert preika over.

Det vert og Kyrkjelydsfest 16.januar. Set av datoen allereie no!

Eg gler meg til 2026! Takk for det gamle, og alt vel for året som kjem.

**Med venleg helsing Håkon,
dagleg leiar og kyrkjelydsutviklar**

Naturlig Menighetsutvikling

Tekst: Håkon Rettedal Losvik

Takk til alle dei som svarte på undersøkinga i oktober/november!

Etter undersøkinga fekk me ganske raskt ei oppsummering av svara. Den korte oppsummeringa er at me ligg ganske godt an.

Me skårar over snitt på det meste, og særskildt godt på nokre få punkt. Nokre uventa resultat var det, men jamt over kjenner soknerådet seg igjen i skildringa av kyrkjelyden si «helse». Me har no funne «minimumsfaktoren» vår, og kan arbeide med den framover.

Ommund Rolfsen og Jon Lia har hatt eit vegleiingsmøte med soknerådet 18. november. Vidare skal me leggje fram resultatane og arbeide vidare med dei i eit opent møte 18. januar, rett etter gudstenesta. Då vert alle som har svart på undersøkinga beden. Møtet er elles ope for alle som har interesse av det. Soknerådet samlar så erfaringar frå dette møtet, og kjem til å arbeide vidare med dette utover våren.

I arbeidet skal me så godt me kan vere framoverretta. Me skal ikkje bruke tid på å grave i fortida, eller snakke om problem, men sjå framover, og finne moglegheiter.

Det er ikkje store og omfattande grep som skal til, heller små justeringar. Me skal finne hòlet i bøtta og tette det igjen, slik at energien me legg i arbeidet i kyrkja ikkje lekk ut.

Ein liten smakebit på undersøkinga er at me skårar høgast på området "Inspirerende gudstenester" og lågast på området "Behovsorientert evangelisering".

Vil du vite meir, så snakkast me 18. januar!



Invitasjon til

kyrkjelydsfest

i Undheim kyrkje

16. januar kl. 19.00

Det blir mat og underhaldning

Velkommen!

Adventsperspektiv

Det er ikkje så mykje lys om dagen. Det er på det mørkaste nå, sjølv om me her sør i landet ikkje har så mykje å klaga på, i alle fall samanlikna med dei nord for polarsirkelen.

Men mørkt er det, og me kjenner det i sinn og skinn, der me går og småhutrar oss gjennom den travle adventstida.

Advent tyder altså ikkje «ventetid», som mange trur, men det tyder «komme». Adventstida er ei tid kor me tenkjer på «Han som skal koma», altså Jesus. Men når nokon skal koma, og me ikkje veit heilt kva tid, då sit me jo og venter, då, så «ventetid» er jo på ingen måte skivebom. Det er fint å ha forventningar og gle seg fram mot ein god jul.

I adventstida er det jo greitt å minnast korleis det er Jesus skal koma. Her skal du få tre punkt: Jesus kjem til jorda, eller rettare sagt, han kom til jorda for 2000

år sidan. Det er verdt å feira. Så kjem han til oss, kvar og ein.

Den kjende julesalmen «Mitt hjerte alltid vanker» har dette perspektivet i seg:

«Akk, kom, jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn.
og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!»

Så er det det siste komme, og det er at Jesus skal koma att ein gong. Me veit ikkje når, men Jesus seier fleire gonger til læresveinane at dei må vera vakne og budde.



Glasskunst av Emmanuel Vigeland

Advent er ei tid til å førebu seg og feira alle desse måtane som Jesus kjem på. Advent er ei fin tid å reflektera over at Jesus kom, at han kjem til deg, og at han ein gong skal koma att.

Det er kan hende ikkje det vanlegaste motivet rundt jul, at Jesus skal koma i skya. Me likar best å halda oss til stall og krubbe, Josef og Maria. Julekrubba er konkret og stemningsfull, varm og nær, på eit vis.

Då er det annleis å prøve å førestilla seg Jesus som kjem med stor makt og herlegdom i skya. Det bryt totalt med den stille, rolege julefreden.

Eller kan hende ikkje – for kva var det som kom i skya på julaftan, den gongen i Betlehem? Var det ikkje ein himmelsk hærs-kare av englar som song og lovprisa Gud! Det må ha vore litt av eit syn, litt av ei oppleving!

Og ein dag kan det henda me får ei oppleving som er like herleg, like underfull. Det er noko å tenka på ein mørk og grå desemberdag. Eg tek med meg lyset frå dette håpet, varmen frå dette løftet, vidare inn i adventstida, fram mot jul, og vidare inn i eit nytt år.



Glasskunst av Emmanuel Vigeland

***Med ønskje om
ei fredfull og velsigna
julehøgtid!***

Lars Sigurd Tjelle

Gir støtte til Mamas hope

Nashville Sound støtter arbeidet ved Mamas hope i Manila. Konserten på Undheim den 17. oktober samlet inn rundt 80 000 kroner til dette flotte arbeidet.

Tekst: Ove Frøytlog / Siv H. Undheim

Nashville Sound gir overskuddet fra konsertene sine til arbeidet ved Mamas hope på Filippinene, et senter som støtter de fattigste av de fattige.

På Mamas hope Haven kartlegger og gir de støtte til mange fattige familiar. Her har barn og eldre det godt.

Her jobber de blant annet med:

- Hjelp til selvhjelp
- Hjem for hjemløse, vanskeligstilte barn, unge og eldre
- Førskole, grunnskole og høyere utdanning
- Helsehjelp og behandling på sykehus
- Sosialhjelp i slum og fengsler
- Matutdelingsprogram

De har også et sykehus, MAMA Rachels Hospital of Mercy. Første etasje stod ferdig i 2011, og andre etasje med sengepost kom i drift 2013.

Nashville Sound har i samarbeid med gode venner påtatt seg å ferdigstille toppetasjen på sykehuset. Planer med kostnadsoverslag er ferdige.

For å klare det trenger vi kr. 400 000,- innen utgangen av 2026.



Sykehuset til Mamas

– *Hvorfor støtter dere dette arbeidet?*

– Jeg fikk ved en tilfeldighet informasjon om dette arbeidet til MaMas i Filippinene og fant ut at de forvalter midlene på en fantastisk effektiv måte. De støtter de svakeste og gir dem utdanning og muligheter. De har en god og effektiv organisasjon, sier Ove Frøytlog, artist og primus motor i Nashville Sound.

– *Hvor mye samlet dere inn på Undheim, og hvor mye har dere samlet inn på konserter totalt?*

– På Undheim den 17. oktober fikk vi inn ca 80 000 kroner. Totalt har vi samlet inn rundt 1,5 millioner kroner. Men vi får alltid mest på Undheim, på en enkelt konsert, seier han.

Om organisasjonen:
MAMA CHILDREN'S CENTER OF
NORWAY (MMCCN)
er en kristen hjelpeorganisasjon.
Stiftelsen ble opprettet 1991 under
Fylkesmannen i Telemark.

Stiftelsen er godkjent av Lotteri-/
Stiftelsestilsynet, IK
og registrert i Brønnøysundregistrene
med org. nr. 977 184 592.

Ønsker du info på mail,
ta kontakt med daglig leder:
bjorgnu@hotmail.com

Vil du bidra?

v:pps til 969821

eller til konto: 2601 16 76331

Kva skjer i kyrkja?

Gudstenester, kl. 10.30

14.12 Vi syng jula inn **NB! kl. 16.00**

24.12 Julegudsteneste. **NB! kl. 14.30**

2026:

18.01 Gudsteneste

01.02 Gudsteneste

15.02 Gudsteneste

01.03 Gudsteneste

15.03 Gudsteneste

Temakveld, kl. 19.00

19.01

02.02

16.02

02.03

16.03

Open kyrkje, kl. 10.00

17.12

Undheim bønehus,

kl. 10.00 og kl. 19.00

15.12

12.01

26.01

09.02

23.02

Laust og fast, kl. 14.00

21.01

18.02

18.03

15.04

Kveldsmøte, kl. 19.30

25.01

22.02

22.03

14.03

Supermix, kl. 17.00

13.01

27.01

10.02

10.03

24.03

Påfyll, kl. 14.45

17.01

31.01

14.02

28.02

14.03

UKUF, kl. 19.00

22.01

05.02

19.02

05.03

19.03

Pizzakveld, kl. 16.30

20.02

17.04

Open kjeller, kl. 19.00

09.01

06.02

06.03

Arrangement:

21.12 kl. 18.00 Julekonsert med Jorunn Undheim

04.01 kl. 16:00 Juletreff

16.01 kl. 19.00 Kyrkjelydsfest

17.03 kl. 19.00 Basar UGLA

Velkommen i kyrkja!

Dåpsbarn i Undheim kyrkje



Dag Helmer
Undheim
døpt 09.11.25



Eira Bøe
Reinertsen
døpt 09.11.25



Lite barn som kommer

Av Kari Bremnes

Her e det et lite barn som kommer
Ny i dette landet myk og varm
Ennu har det ikkje sett en sommer
Ennu kan det bæres på ei arm
Ennu e det ny for sol og måne
Ennu kan det trøstes av en sang
Ennu ny for mysterium og under
Lite barn i kirken første gang

Nu e alle lysan tent her inne
Sånn at ikkje mørket kommer til
Måtte alltid gode land få skinne
Sånn at ingen barn kan gå seg vill
Lyse som fortellinge om nåde
Lyse som for barmhjertighet og håp
Lyser for et lite barn som kommer
I en kirke i en hellig dåp





Barnas

Vits:

Veit du kva som
er meitemarkens
favorittsong?
Svar: Deilig er
jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe
gjetarane å finne
vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL


Her fortel englanegjetarane om Jesusbarnet
i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men
kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2
også vidare. Kvifor?
gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim		Høiland & Tveit BetongEntreprenør
Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no		 Møllervegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51798579 www.ahbygg.no
Sjekk Punk BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no		
 Preben Undheim mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no		UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no - Tlf. 51 77 96 60 Landbruksavdeling tlf. 51 77 96 70
	 Byggmester Ståle N. Sikveland	NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
		 www.traktoroglandbruk.no
TOM REE MASKIN ALT I GRAVING • Bolig • Landbruk • Næring ☎ 908 37 049	 Tlf. 924 51 777	 Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15 Klikk og hent bondekompaniet.no